



Tilbodsførespurnad

## **Stillerom til kulturhus/bibliotek**

Tilbodsfrist: 15.sept 2022 kl. 12.00

# **1 Generell informasjon**

## **1.1 Oppdragsgjever**

Oppdragsgjever er Tokke kommune, ved Tokke bibliotek.

Hovudbiblioteket ligg i kommunesenteret Dalen, i Tokke kulturhus, midt mellom Tokke skule og Vest-Telemark vidaregåande skule. Kulturhuset blir nytta av mange ulike brukarar med ulike behov. Døme på samtidig bruk kan vere musikkundervising, babytreff og studentar som skal lese til eksamen.

# **2 Generelle vilkår**

## **2.1 Omfang**

Førspurnaden gjeld løysing for stillerom/stillekontor til Tokke kulturhus.

## **2.2 Reservasjon**

Oppdragsgjever set som vilkår retten til å dele kontrakten mellom fleire leverandørar, anta heile eller delar av eit tilbod, evt forkaste alle tilbod, viss det ligg føre sakleg grunn.

Tilbyder kan ikkje gjere endringar i tilbodet eller kalle tilbodet tilbake etter tilbodsfrist.

## **2.3 Tilbodsfrist**

Tilbodet skal vere oppdragsgjever i hende seinast: 15.09.22 kl. 12.00

Tilbod som kjem inn for seint, vil bli avvist.

## **2.4 Innlevering av tilbod**

Tilbod leverast i Mercell-portalen. Alle tilbod vert protokollført og tilboda vert offentlege etter val av leverandør. Om tilbydar meiner delar av tilbodet ikkje skal vere offentleg må dette presiserast.

## **2.5 Kostnadar**

Kostnadar som tilbyder pådreg seg ved utarbeiding av tilbodet vil ikkje bli refundert av oppdragsgjever.

## **2.6 Kontraktstildeling og kontrakt**

Alle tilbydarar vil få skriftleg attendemelding med grunngjeving for val av leverandør(ar) i rimeleg tid før kontrakt vert underteikna.

## **2.7 Orientering til tilbyder**

Spørsmål i samband med tilbodet skal sendast inn i Mercell-portalen.

Ved spørsmål som fører til svar som kan ha relevans for utforming av tilbodet, vil likelydande informasjon bli tilgjengeleg i Mercell.

## **3 Skildring av varen**

### **3.1 Stillerom til Tokke kulturhus**

Tokke bibliotek ynskjer å sikre brukarar moglegheit til å oppsøkje rom der ein er skjerma frå støy i omgjevnadane. I kulturhuset er det opne innandørs miljø og mykje ulik aktivitet. Mobile stillerom kan sikre fleksibel bruk av arealet, utan behov for større ombygging. Mobil eining må ha koplingspunkt for straum, nett og ventilasjon.

Biblioteket ynskjer tilbod på ulike storleiker

- Ein variant for 1-2 personar, som er komfortabelt i bruk som lese-/studierom over litt tid (til dømes 1-3 timer)
- Ein større variant som kan brukast til gruppearbeid, mindre møte (2-4 personar) eller som øvingsrom (gitar, fløyte mv)

Leverandør må gjere greie for:

- Tekniske løysingar for lyddemping, ventilasjon og ljós
- Materialbruk, innreiing og møblering, spesifisering av valmogleheiter og pris
- Moglegheit for bruk av stillerom til videomøte
- Fleksibilitet ved endring av plassering i lokalet
- Krav til montering, kostnadar
- Behov for vedlikehald og tilgang på service/support

## **4 Prisar og vilkår**

### **4.1 Generelle vilkår**

Det er ynskjeleg med levering innan 31.12.2022, men dette er ikkje eit absolutt krav.

### **4.2 Pris- og leveringsvilkår**

Prisane skal oppgis eksklusive mva, inkludert alle øvrige kostnadar (gebyr, godtgjeringar, reisekostnadar, opphaldskostnadar og liknande). Leverandør skal oppgi estimert leveringstid.

Fakturagebyr eller andre formar for gebyr vert ikkje akseptert.

### **4.3 Betalingsvilkår**

Betalingsvilkår er 30 dagar.

## **5 Tildelingskriteria**

Vurderinga for tildeling av oppdrag vil bli vekta slik:

**Pris for ferdig montert løysing 40%**

**Funksjonalitet/kvalitet/brukarvenleg løysing 60%**